



Produksjon av sko har lange tradisjonar i Aurland. Aurlandskoen fekk si noverande form i 1920-åra, og har sidan den gong halde fast på den særleine utsjånaden og den gode kvaliteten. På det meste var om lag 90 personar sysselsette innan skoproduksjon i Aurland. I dag er Aurland Skofabrikk den einaste attverande produsenten av Aurlandskoen. Skofabrikken ligg sentralt plassert i kommunesenteret Aurlandsvangen. I arbeidet med å ta vare på, styrkja og utvikla handverkstradisjonen Aurlandskoen, er det i gang arbeid med etablering av eit visningscenter i tilknytning til pågåande skoproduksjon ved Aurland Skofabrikk. Visningscenteret, som skal utviklast etter det kanadiske konseptet Économusée, og der møtet med handverkarane skal vera sentralt, skal formidla bakgrunn, historie og kunnskap om Aurlandskoen. Med denne nysatsinga ønskjer Aurland Skofabrikk, og dei nye eigarane Aurland Ressursutvikling AS (sjå [www.visitflam.no](http://www.visitflam.no)) og Aurland Sparebank, å leggja grunnlaget for vidareføring av det tradisjonsrike handverket, som dei siste tiåra har vore halde i hevd av familien Wangen. I samband med dette skal det no tilsetjast 2-3 nye medarbeidarar ved skofabrikken.

Aurland Skofabrikk AS søker

## Produksjonsmedarbeidarar

2 - 3 faste stillingar 100 %, evt. deltid

Arbeidsoppgåver:

- Produksjon av sko og andre tilleggsartiklar av skinn
- Deltaking i formidling av handverkstradisjonen, til besøkjande ved planlagt visningscenter

Ei av stillingane vil vera kombinert mellom deltaking i produksjon og eit særskilt ansvar for å følgja opp drifta av det nye visningscenteret ved skofabrikken. Til denne stillinga kan det og vera aktuelt å leggja administrative oppgåver.

Vi søker personar med:

- Interesse og entusiasme for arbeid med ekte handverk
- Engasjement og ønskje om å delta i formidlingsarbeid

Det vert ikkje sett krav til utdanning og praksis innan skohandverket, men slik bakgrunn vil vera ei føremon. Vi oppfordrar særskilt kvinner til å søkja stillingane.

Vi kan tilby:

- Utfordrande arbeid med eit tradisjonsrikt handverk og ei sterk merkevare
- Eit triveleg arbeidsmiljø i funksjonelle og sentralt plasserte lokale
- Full opplæring
- Løn etter avtale

Nærmare opplysningar om stillingane får du hjå Aurland Prosjektteneste AS v/ Arve Tokvam, tlf. 907 85 950 eller e-post [arve@aurlandprosjektteneste.no](mailto:arve@aurlandprosjektteneste.no)

Kortfatta søknad med CV sendast så snart som råd til Aurland Prosjektteneste AS, Fjordsenteret 5745 Aurland, eller på e-post [post@aurlandprosjektteneste.no](mailto:post@aurlandprosjektteneste.no)  
Søknad merkast med "Søknad Aurland Skofabrikk 01/08".